

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Svein Helge Hofslundsengen	FA - Q13	15/480

Saknr	Utval	Type	Dato
075/2015	Formannskapet	PS	09.06.2015

Medfinansiering Fv92 Krokavassdammen

Vedlegg:

Notat Krokasvas

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune går inn med toppfinansiering med inntil kr. 300.000,- som medfinansiering for å sikre utbetring av Fv92 Krokavassdammen. Det er løyvd 1,4 mill.kr., fylket tek første millionen, BKK dei neste 400.000, og kommunane fordeler resten. Tiltaket vert finansiert over kraftfondet – auka konsesjonsavgift 2015 utover kraftfondsbudsjettet for 2015.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Behov for utbetring av Fv92 Krokavassdammen som sikrar framkomst av buss og grunnlag for reiselivsaktivitet i Stordalen med nærliggjande område. Utbetringane er stipulert til 2 mill.kr, og det vert arbeidd med eit spleiseland for å sikre finansiering av utbetningsarbeidet.

Viser elles til tlf.møte 9.april, referert og orientering i formannskapet 21.4.

Vurdering

Kommunane Høyanger og Masfjorden er i e-post av 3.juni 15 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune bedne om å gå inn med 600.000 samla som delfinansiering av utbetningsarbeidet av Fv92 Krokavassdammen. Etter dialog med Høyanger har ein vurdert det som naturleg å dele restsummen på 2, 50% på kvar av kommunane. I utgangspunktet meiner rådmannen at det er urimeleg at Masfjorden kommune skal vere med å finansiere dette tiltaket, men utan medverknad er det store sjansar for at tiltaket ikkje vert utført. Ut i frå signal/drøfting i formannskapet var dette noko ein var innstilt å gå med på. Det er viktig å få presisert at ein går inn med toppfinansiering, og dersom kostnad vert 1,5 mill.kr., og ikkje 2 mill.kr., så vert det kommunale tilskotet

50.000,-.


Fakta

Fv 92 Krokavassdammen - ombygging (skriv fra Sogn og Fjordane fylkeskommune av 3.2.2015 til BKK med kopi til statens vegvesen, Høyanger og Masfjorden kommune)

I 2010 søkte BKK om å få endre vertikalkurvatur fra bruha og opp på Krokkavassdammen på fv. 92 i Høyanger kommune. Det var også søkt om å gjøre breiddeutviding i begge endar av bruha. Same året bygde BKK om vegen over Krokkavassdammen.

Ut frå teikningane skulle vegen utvidast og hevast. I ettertid ser Statens vegvesen at bruа er som før, køyrebanen over dammen er utvida, men utvidinga sluttar ved enden av bruа. Det er bygd ein betongmur på venstre sida med rekkverk på toppen for å kunne auke damhøgda. Dette har gjort vegen smalare enn tidlegare på det mest kritiske punktet.

Det er gjort oppmåling fleire gonger, og bruа vart synfaren av Statens vegvesen i september 2013. Det synest klart at dei utvidingane av bruа som BKK omtalte på førehand, ikkje er gjennomførde, som i planteikninga nedanfor. Planlagd utviding er vist med raudt.



Brua er altså slik som før. Køyrebana over dammen er utvida, men i staden for å la denne utvidinga gå i null 7 meter inne på bru, sluttar den ved enden på brua. Sjå biletet nedanfor.

For å kunne auke damhøgda og fylle opp for vegen, er det bygd ein betongmur på venstre sida med rekkerkverk på toppen. Denne muren er ført heilt fram til starten på bruа. Den er støpt over og innanfor det gamle betongrekkverket. Muren er 40 cm tjukk, og stikk ca. 12 cm lenger inn i vegen enn tidlegare. Sidan det ikkje er gjort utviding av bruа, slik BKK hadde vist til Statens vegvesen på førehand, er no vegen dermed 12 cm smalare enn tidlegare på det mest kritiske punktet (overgangen mellom bru og dam). Det er ikkje mogeleg å sjå at det er noko anna som har gjort situasjonen verre med tanke på svingerørsler.

Det har kome klage på at det er vorte vanskelegare eller umogeleg å køyre over dammen med buss etter at den vart heva. Fleire bussar har teke bort i betongkanten etter endringa, og busselskapa nektar no å køyre over. Det er svingen frå bruia inn på dammen som er vorte problemet

Dette problemet er øg teke opp av Høyanger kommune vordføraren, som viser til at Stordalen Fjellstove går alipp

av gjester og misser inntekter som følge av at det ikkje lengre vert arrangert rundturar over fjellet med buss. Etter det vi kjenner til har ordføraren i Masfjorden vore i kontakt med BKK om eit spleiselas for å utbetre svingradiusen. Han har også bedt Statens vegvesen om tal på kva kostnad dette vil medføre.

Statens vegvesen har vurdert kva tiltak som kan gjerast på bruа og konkluderer med at det er mogleg å støype den manglande trekanten som BKK hadde med i sine teikningar, men som deiikkje tok med i sitt prosjekt. Dette kan gjerast for om lag 2 mill. kr. Inkludert i dette liqq òg justering av rekverket.

Fylkeskommunen jobbar no med finansiering av tiltaket og oppmodar BKK om å delta i eit spleiselag for å få gjennomført tiltaket så snart som råd. Både Høyanger

kommune og Masfjorden kommune meiner dette er ei sak som har oppstått på bakgrunn av naudsynt utbetring av dam vest på Krokavatnet. Dei signaliserer likevel at dei kan vere viljuge til å gå i drøftingar med fylkeskommunen og BKK om eit eventuelt avgrensa bidrag frå dei involverte kommunane mot at tiltaket vert prioritert til gjennomføring før sommarsesongen 2015.

Det vart halde eit telefonmøte den 9.april mellom partane for å få på plass finansiering av tiltaket, Sogn og Fjordane fylkeskommune gjekk inn med 1 mill.kr., BKK signaliserte inntil 500.000 – men måtte (styre)handsama saka før endeleg tilbakemelding, og det vart retta ein førespurnad til kommunane om å dekke resten slik at ein hadde ei finansiering på 2 mill.kr., som statens vegvesen krevde for å starte anbodsarbeidet.

BKK har gitt følgjande tilbakemelding;

Med bakgrunn i fylkeskommunen si skisse til løysing i brev frå 03.02.2015, og drøftingane i telefonmøtet, vil BKK gi tilskudd til gjennomføringa av tiltaket med inntil 400.000 kroner innanfor ei samla budsjetttramme på 2 mill. kroner der fylkeskommunen tek halve kostnaden. Det vert lagt til grunn av Statens vegvesen står for planlegginga og gjennomføring av den skisserte utvidinga.

Det føreligg no vedtak på finansiering av 1,4 mill.kr. av eit samla finansieringsbehov på 2 mill.kr. Det har ikkje vore drøfta mellom kommunane evt. fordeling mellom dei 2 berørte. Brua ligg i Høyanger kommune og vegen ligg i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Konklusjon

Masfjorden kommune går inn med toppfinansiering med inntil kr. 300.000,- som medfinansiering for å sikre utbetring av Fv92 Krokavassdammen. Det er løyvd 1,4 mill.kr., fylket tek første millionen, BKK dei neste 400.000, og kommunane fordeler resten. Tiltaket vert finansiert over kraftfondet – auka konsesjonsavgift 2015 utover kraftfondsbudsjettet for 2015. Det kommunale tilskotet er å sjå på som toppfinansiering av prosjektet, og dersom kostnad vert 1,5 mill.kr., og ikkje 2 mill.kr., så vert det kommunale tilskotet 50.000,-.

Formannskapet - 075/2015

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland, H la fram framlegg om eit tilleggspunkt i framlegg til vedtak frå rådmannen:

Utbetringa må ha slikt omfang at det vert problemfritt å passere med store busser og andre store køyretøy.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå rådmannen med tilleggspunkt frå Høgre vert samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden kommune går inn med toppfinansiering med inntil kr. 300.000,- som medfinansiering for å sikre utbetring av Fv92 Krokavassdammen. Utbetringa må ha slikt omfang at det vert problemfritt å passere med store busser og andre store køyretøy. Det er løyvd 1,4 mill.kr., fylket tek første millionen, BKK dei neste 400.000, og kommunane fordeler resten. Tiltaket vert finansiert over kraftfondet – auka konsesjonsavgift 2015 utover kraftfondsbudsjettet for 2015.